



Ard Arealplan AS  
Domkirkegaten 3  
5017 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/927 - 16/72

Saksbehandlar:  
Tonje Nepstad Epland  
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:  
04.01.2016

## Plansak 12602015000300 Manger torg - detaljregulering - søknad om mindre endring - melding om vedtak

Saka vart handsama av hovudutval for plan, landbruk og teknisk i møte den 16.12.2015, der følgjande vedtak vart fatta:

### **PLT - vedtak:**

«Mindre endring av reguleringsplan for Manger torg med planID 12602010000200 føresegnene §§ 2.3.2, 2.3.6 og 2.3.10 vert vedteke på vilkår om slik endring av tekst i § 2.3.10:

*Ved ferdigstilling av rundkjøring på fv 409 i samsvar med reguleringsplan for Manger sentrum skal kryss mellom vegane o\_KV07 og o\_KV01 opparbeidast i tråd med gjeldande plan.*

*Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.*

*Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 12-14.*

*Ny planID etter endring vert 12602015000300.»*

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

**Når komplette plandokument i samsvar med vilkår i vedtaket er mottatt vert endringa kunnngjort.**

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Plansak 12602015000300 Manger torg - detaljregulering - søknad om mindre endring

**Mottakarar:**

Ard Arealplan AS

Domkirkegaten 3 5017

BERGEN